



**Budsjett 2023**  
**Økonomiplan 2023- 2026**



Kommunedirektøren si innleiing .....	4
Oppsummering .....	12
Nasjonale, regionale og lokale føringar .....	13
Analyse og statistikk:.....	18
Rammefaktorar 2023.....	20
Utvikling i frie inntekter for Sykkylven kommune.....	21
Kommunen sine frie disponible inntekter 2023 .....	22
Inntektsrammer 2023 til fordeling på tenestene.....	23
Forslag til fordeling av midlar til drift av tenestene for 2023. ....	24
Løyvingane til kvart budsjettområde.....	24
Dei kommunale tenestene.....	26
Helse og omsorg og velferdstenestene .....	28
Kultureininga.....	32
Barnehage.....	34
Oppvekst (skule, barn og familie).....	37
Tekniske tenester .....	41
Sentraladministrasjon/ fellestenester.....	42
Investeringar i økonomiplanperioden ( Vedlegg 3) .....	44
Saksgang: .....	46
Kommunedirektøren si innstilling: .....	46
Vedlegg:.....	48
1. Bevillingsoversikt drift §5-4 (skjema 1A) .....	48
2. Økonomisk oversikt drift §5-6 ( Skjema 1B).....	48
3. Bevillingsoversikt investering jf. §5-5 første ledd (Skjema 2 A og 2B .....	48

## Endringer i befolkningen



## Kommunedirektøren si innleiing

Kommune-Norge opplev store endringar, Sykkylven kommune er ikkje eit unnatak. Utfordringane er langsiktige, og vi må forstå dei for å kunne løyse dei. Kommunane har ansvar for tenester vi alle er avhengig av, og auken i talet på eldre gjer at behovet for tenester vil auke. I tida framover vert det viktig å gjere kloke val i det daglege, men også å sjå framover for å gjere oss opp ei meining om kva for framtid vi ønskjer oss, og kva som må til for kome dit.

Demografiframskrivning syner at vi kjem til å måtte greie oss med mindre arbeidskraft generelt i Norge framover. Medan det i 2017 var fire personar i arbeidsfør alder per person over 67 år, vil det i 2060 vere så vidt meir enn to. Konkurransen om dei som skal sørge for forsvarlege helse- og omsorgstenester blir hardare, og dersom vi skal løyse oppgåvene på same måte som i dag, kjem vi i 2040 til å mangle 56 000 med utdanning innanfor helse.

Dei sterke signala frå nasjonalt hald om at budsjetta skal ned har no blitt synleg for alle, og politisk vil handlingsrommet bli opplevd som mindre. Utfordringane med at inntektene går ned er at lovkrav og forventningar ikkje gjer det same. Over tid har dette medført ein ubalanse i økonomien til fleire og fleire kommunar. Gapet mellom det som vert forventa og den økonomiske realiteten er med andre ord for stor.

Både innbyggjarar, politikarar og tilsette i kommunen ønskjer at alle skal få det dei forventar og treng. I åra framover har vi ei felles utfordring kring å formidle denne ubalansen mellom forventningar og tilgjengelege ressursar, og at vi står i vanskelege prioriteringar mellom mange gode føremål. I desse prioriteringane vil det oppstå både dilemma og verdikonfliktar. På den andre sida skal vi formidle ambisjonar om å utvikle smarte og effektive tenester som vil sikre gode velferdstenester til innbyggjarane også i framtida

Budsjettprosessen i år er ekstra utfordrande. Det er globale uro, krig i Europa, energimangel og eskalerande klimaendringar. Dette påverkar utgiftssida i form av renteauke og prisstiging. Lokalt formidlar fagfolka våre auka behov grunna nye utfordringar og oppgåver som må løysast. Dette er dyktige og dedikerte fagfolk med store ambisjonar for utvikling av tenestetilbodet, noko som er positivt og syner at vi har eit høgt ambisjonsnivå og stor vilje til å gje best mogeleg tenester til innbyggjarane i Sykkylven. Dei same fagfolka vert no utfordra på å formidle til innbyggjarane våre, som dei møter dagleg, at krava må senkast og at vi ikkje kjem til å kunne gi dei same tenestene på same måte som før.

Vi må jobbe smartare, seies det. Ei hovudoppgåve framover er å setje ord på kva dette betyr i praksis. Sykkylven kommune har allereie tatt nokre smarte val i rett retning. Å jobbe smartare kan handle om ulike ting. Mellom anna å etablere ein skule- og barnehagestruktur som gjev stordriftsfordelar. Å utvikle bustadar som gjer at eldre meistarar eigne liv lenger, og slepp å bli institusjonspasientar tidlegare enn naudsynt. Ta i bruk teknologi som frigjer menneskelege ressursar, som skaper tryggleik, meistring og auka livskvalitet.

Ein viktig suksessfaktor framover vert også å styre innsatsen mot førebyggjande tiltak som på sikt vil redusere behovet for dei meir kostnadskrevjande tenestene. Samarbeid med frivillige, pårørande og innbyggjarar generelt kjem også til å verte sentralt for kommunale tenester i åra framover.

Når prioriteringane er vanskelege er det lett å hamne i ein diskusjon kring lovpålagte og ikkje-lovpålagte oppgåver. Kommunedirektøren vil her understreke at dei aller fleste tenester har ei lov å relatere sin teneste til. Dei fleste lovene er vel og merke ikkje absolutte. Dette betyr at det må utøvast skjønn når tenestene skal gjevast innhald. Dette betyr å tilby tenester med rett innsats på rett nivå. I dette biletet kjem av og til diskusjonen om lovpålagde eller ikkje lovpålagde tenester til kort, då den ofte bidreg til å overforenkle ei kompleks problemstilling kring kva som er dei kloke vurderingane kring bruk av ressursar til det beste for innbyggjarane på kort og lang sikt.

Budsjettprosessen syner at tenestene har store omstillingskrav i 2023. Einingsleiarane har arbeidd intenst og i tett samarbeid med sine tilsette og sine kommunalsjefar for å finne alternative løysingar for korleis vi skal gi gode tenester til innbyggjarane til reduserte kostnader og til god kvalitet. Utfordringane er av ein slik storleik at ein ikkje kan forvente at dei skal handterast av dei ulike einingane kvar for seg. Forsvarlege tenester også i framtida krev strukturendringar og omorganisering. Fleire slike endringar er allereie iverksett i kommunen og vil bidra til reduserte utgifter i framtida. Ytterlegare omstilling må likevel til dersom vi skal få nødvendige effekt.

Vi lever i ei tid med skiftande føresetnader og komplekse utfordringar. Denne usikkerheita gjer at omgjevnadane vert mindre plan- bare. Det å lage fasiten for neste år gjennom å vedta ein budsjett- økonomiplan er ikkje lenger eit godt nok verktøy for styring. Dei ustabile rammevilkåra gjer at vi treng ein meir dynamisk styringsmodell basert på tett dialog, justeringar og fortløpande val. Den tradisjonelle måten å budsjettere på vider seg å kome til kort i ei tid er føresetnadane endrar seg hyppigare og har større konsekvensar enn før. Med bakgrunn i dette foreslår kommunedirektøren at det vert vedtatt ramme på nokre samleområde og ikkje på einingsnivå. Dette skaper større fleksibilitet og er også naturleg med bakgrunn i den varsla prosessen med å endre organisasjonsstruktur med påfølgjande budsjettrevisjon tilpassa nye organisatoriske einingar.

For å framleis ha stø kurs i skiftande omgjevnadar er det viktig å peike ut ei tydeleg retning. Det er difor nedfelt nokre overordna styringsprinsipp som kommunedirektøren foreslår å arbeide mot. På alle nivå i organisasjonen skal der fortløpande identifiserast tiltak som understøtter desse prinsippa. På denne måten vil Sykkylven kommune kunne tilby gode tenester til innbyggjarane også i framtida.

Prinsippa som vert foreslått for budsjett- og økonomiplanperioden er:

### Overordna prinsipp for omstilling til berekraftige tenester til innbyggjarane i Sykkylven kommune

- **Vi nyttar dei samla ressursane rett og rettferdig til det beste for alle innbyggjarar.** Strukturendringar kan bidra til dette. Større skular, samlokaliserte bufellesskap osv. Dette vil bidra til at vi når fleire med dei ressursane vi har.
- **Vi tildeler tenester målretta og avgrensa for å sikre at vi rettar innsatsen mot der det har mest effekt.** Kortare og meir avgrensa tilbod til enkeltpersonar vil sikre at fleire får glede av det vi har av samla ressursar.
- **Vi er tidleg ute med førebyggjande tiltak.** Vi legg til rette for at innbyggjarane meistrar eige liv så lenge som mogeleg. Dette vil utsetje dei meir inngripande og ressurskrevjande tiltaka. Tidleg innsats samarbeider vi om med frivillige, pårørande og næringsliv. Vi har ein bustadpolitikk og eit investeringsprogram som støttar opp om dette.
- **Vi tenkjer klima og miljø i alt vi gjer:** arealeffektivitet og sambruk, energisparing og ressursparing generelt, og vi nyttar innkjøpsstrategien vår til å påverke positivt.
- **Vi endrar organisasjonen i takt med nye behov.** Vi skal til ei kvar tid ha ein organisasjon med tydelege roller og ansvar, som reduserer sårbarheit og sikrar heilskapstenking, og som er tilpassa kommunen sin økonomi.





### *Ord og omgrep i økonomiplanen*

Økonomiplanen er en sentral del av Sykkylven kommune si heilskaplege verksemdsstyring. Den omfattar heile kommunen si verksemd og skal gje ei realistisk oversikt over forventa inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden.

Økonomiplanen består av ein driftsdel og ein investeringsdel. Det første året i handlings- og økonomiplanen legg rammene for årsbudsjettet der bevillingane er bindande, medan dei resterande åra gjev rammer for å planlegge dei seinare budsjettåra.

I forskrift til kommunelova er det bestemt kva for skjema som er obligatoriske å leggje inn i økonomiplanen:

**Budsjettskjema 1A:** *Dette er ei oversikt som syner kommunen sine frie disponible inntekter.*

Dette er inntekter som ikkje knyt seg til bestemte formål i budsjettet, der kommunestyret avgjer kva midlane skal gå til. Inntekter som er knytt til bestemte formål er inkludert i rammene til dei ulike budsjettområda (øyremerka tilskot, sjukelønsrefusjonar, brukarbetalingar og gebyr). Under frie disponible inntekter finn vi skatt på inntekt og formue, rammetilskot frå staten, evt. eigedomsskatt og andre inntekter som til dømes integreringstilskotet.

**Budsjettskjema 1B :** *Løyvingane til kvart budsjettområde er spesifisert i budsjettskjema 1B.*

Eit budsjettområde er summen av dei einingane som arbeider med oppgåveløysing innanfor same sektor, til dømes barnehagar, skular, tekniske områder, helse og omsorg.

Rammene per budsjettområde er nettorammer. Dette vil seie at rammene er inkludert inntekter som er direkte knytt til dei aktuelle tenestene, som øyremerka tilskot, sjukelønsrefusjonar, brukarbetalingar og gebyr.

Kommunestyret vedtar rammene for dei enkelte budsjettområda medan det er kommunedirektøren som har ansvaret for den interne fordelinga mellom einingane i det einiskilde budsjettområdet. Dette vil seie at det er kommunestyret som avgjer kor mykje kommunen skal nytte til området til dømes barnehage eller skule, medan det er kommunedirektøren som avgjer fordelinga av desse rammene mellom barnehagane eller skulane. Dette vert gjort fordi fordelingsnøklane mellom dei ulike einingane baserer seg på årlege svingingar i kull, enkelttiltak osv. som skal sikre likeverdige handsaming innanfor det kommunestyret samla sett prioriterer til området. Vidare vil kommunedirektøren via kommunalsjefane delegere ansvaret for disponeringa av ramma ned til kvar enkelt einingsleiar som avgjer korleis ramma skal nyttast for å best mogeleg oppnå dei mål og krav som er sett til eininga.

**Budsjettskjema 2A** (Bevilgningsoversikt investering jf. §5-5 første ledd) viser kommunen sine investeringar i varige driftsmidlar (skule, barnehage, omsorgsbustadar etc.), andre investeringsutgifter som utlån av midlar, og korleis investeringane er finansiert. Kommunen har ulike finansieringskjelder - bruk av lån, kompensasjon for meirverdiavgift knytt til

investeringsutgifter, tilskot, sal av varige driftsmidlar og finansielle anleggsmidlar, overføring frå drift etc. Dette skjemaet finn du side 42.

**Budsjettskjema 2B** (Bevilgningsoversikt investering jf. §5-5 første ledd) er ei oversikt over korleis investeringane skal finansierast (eigenkapital, lån, tilskot eller anna finansiering). Oppstillinga skal innehalde bruttobeløp.

### **Brutto driftsresultat**

Brutto driftsresultat betyr dei samla driftsinntektene minus utgiftene som er knytt til den årlege drifta av kommunen (inkludert avskrivningar). Eit godt brutto driftsresultat kan nyttast til å svare for høge rente- og avdragsutgifter som følge av høg lånegjeld, til eigenkapital i investeringar, til å handtere uføresette utgifter og svikt i inntektene eller til inndekking av underskot frå tidlegare år.

### **Netto driftsresultat**

Netto driftsresultat syner kva som er igjen etter at alle utgifter (dvs. lønns- og driftsutgifter og rente- og avdragsutgifter) er trekt frå inntekter. Avskrivningane er eliminert ved at dei har ein motpost før netto driftsresultat. Det er avdragsutgiftene som dermed påverkar resultatet i kommunebudsjettet.

Netto driftsresultat syner kor mykje som kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsettast til seinare bruk (disposisjonsfond), og er eit uttrykk for kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Staten legg til grunn at kommunane sett under eitt bør ha eit netto driftsresultat som utgjør minimum 1,75 prosent av driftsinntektene. Netto driftsresultat er det mest brukte resultatmgrepet i kommunesektoren.

Eit svakt trekk ved indikatoren netto driftsresultat er at den ikkje gjev eit godt nok bilete av den meir langsiktige utviklinga i ein kommune sin økonomi. Eit lavt vedlikehaldsnivå vil t.d. kunne påverke driftsresultatet positivt. Ei anna innvending er at avdrag og ikkje avskrivningar inngår i resultatmgrepet, slik at kapitalslitet ikkje nødvendigvis vert tatt nødvendig omsyn til.

### **Meir-/mindreforbruk**

Dette er botnlinja i kommunebudsjett og -rekneskapen. Denne består av differansen mellom årets inntekter og utgifter (netto driftsresultat), av avsetningar til seinare bruk (fond) og bruk av tidlegare oppsparte midlar (fond) og overføring til investering.

Dersom ei kommune får eit rekneskap med meirforbruk, må dette dekkast inn i løpet av dei neste to åra. Kommunar med eit rekneskap med meirforbruk på meir enn 3 % av brutto driftsinntekter vert meldt inn i ROBEK.

### **Kva er KOSTRA?**

KOSTRA (Kommune-STat-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev



styringsinformasjon/ statistikk om kommunar. Ved hjelp av KOSTRA får vi eit grunnlag for å vurdere kommunane sin ressursbruk og for å kunne samanlikne seg med andre kommunar.


Data vert rapportert ein gang i året.

SSB publiserer ureviderte tall for kommunane 15. mars, og justerte tal 15. juni. Dei ureviderte nøkkeltala pr. 15. mars kan innehalde feil. Kommunane har høve til å rette opp feil og manglar i sine data innan 15. april, og SSB gjennomfører kvalitetskontroller og revisjon av datamaterialet før publiseringa 15. juni. I dette dokumentet finn du ein tabell som syne kommunen sin ressursbruk per tenesteområde samanlikna med andre kommunar. I samband me årsmelding vert det naturleg å leggje fram meir detaljerte KOSTRA-tal.




## Sykkylven kommune- politisk og administrativ organisasjonsmodell

### Politisk organisering



### Administrativ organisering



### **Budsjettprosessen mot 2023- framdrifta har vore slik:**

- Utsending av plan for budsjettprosessen 22.august
- Informasjon til einingane – einingsleiar møte 23.august
- Formannskapet – informasjon om budsjettprosessen – sak 25.august
- Kommunestyre – informasjon om budsjettprosessen – sak 12.september
- Dialogmøte – politisk og administrasjon 15.september
- Administrative budsjetttrammer til einingane 20.september
- Budsjettmøte med leieform 7. oktober
- Budsjettpresentasjon - kommunedirektøren sitt framlegg – k. styre 7.november
- Handsaming i NU, LK, AMU, FUNK, ELD og UNG Veke 46/47
- Dialog/spørsmålsmøte mellom administrasjon og politikk 16. november
- Formannskapet sitt budsjettframlegg – vedtak 24.november
- Kommunestyre sitt budsjettframlegg – vedtak 12.desember

I tillegg har det blitt gjennomført ei rekke interne møter mellom kommunedirektør, kommunalsjefar, einingsleiarar, personalmøte i einingar og avdelingar, tillitsvalde, arbeidsmiljøutval osv. der budsjett og økonomiplan har vore tema.



## Oppsummering

*Her kjem ei kort oppsummering av kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023- 2026. Oppsummeringar omhandlar hovudrammevilkåra som er foreslått for inntektssida, for utgiftssida og for investeringane som er foreslått.*

### **Kommunedirektøren sitt framlegg kan oppsummerast slik:**

#### **Inntektssida:**

Kommunedirektøren sitt forslag tek utgangspunkt i:

- nasjonalt anslag på frie inntekter og skatt som betyr ein nominell vekst på 3,6% . (Mei oppgåver tildelt i statsbudsjettet utgjør 2,7% av den nominelle veksten)
- lønns og prisvekst på 3,7% (kommunal deflator 2023)
- negativ realvekst på 0,1% (Mei oppgåvene inkludert vil auke den negative realveksten til 2,8%)
- utbytte frå Sykkylven Energi Holding AS i same storleik som i 2022; 7 mill.
- inntekter frå havbruksfond på same storleik som 2022; 1,5 mill
- inntekter knytt til mottak av flyktningar- utgiftssida vert belasta tilsvarande.
- auke i eigedomsskatt på ein promille, opp til 4.0 promille. 5 mill

#### **Driftsutgifter:**

- Effektivisering i drifta på i snitt 5%. (nedgang i ramme, samt inndekking av lønns og prisvekst)
- 5% effektivisering i drifta betyr om lag kr: 25 mill
- Ei effektivisering av drifta på 5% kjem med bakgrunn i negativ realvekst som omtalt ovanfor, samt i auka renteutgifter som for 2023 utgjør 15 mill
- Det er udefinerte omstillingstiltak i einingane per dato. Desse må identifiserast og gjennomførast i 2023 og vidare. Omstillingstiltaka vil følge prinsippa for omstilling som er omtalt i dokumentet. Tiltak av prinsipiell art vil bli lagt fram for politisk handsaming i samsvar med delegeringsreglement. Tenesteområde som har fått tilført meiroppgåver har blitt kompensert. Dette kjem fram i omtalen av tenesteområda.

Omstillingskravet er av ein slik storleik at det er knytt usikkerheit til at ein kan nå dette målet i 2023. Dette er bakgrunnen for at ein ser det naudsynt å auke eigedomsskatten, samt sikre avsetning til driftsfond dersom omstillinga vil ta lengre tid, eller at ytre rammevilkår krev ytterlegare effektivisering

- **Investeringar:**

Kommunedirektøren foreslår eit investering program som ikkje aukar gjeldsgraden i økonomiplanperioden.

- Investeringar som bidrag til reduserte driftsutgifter eller på anna vis er sjølvfinansierande er prioritert.

Nasjonale, regionale og lokale føringar

Nasjonale føringar:

Kvart fjerde år lagar regjeringa eit dokument som heiter "[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#)". Dette legg grunnlaget for korleis kommunane arbeider i komande valperiode. I dokumentet som vart vedtatt i mai 2019 har regjeringa bestemt at [FN sine 17 bærekraftsmål](#) skal vektleggast i kommunal planlegging. Dei skal no vere grunnlaget for all samfunns- og arealplanlegging.



Ei kommune har ansvar for mange oppgåver som bidreg til berekraftig utvikling.

Kommunane leverer helsetenester, utdanning, bustadpolitikk, infrastruktur, reint vatn og renovasjon. Vi forvaltar areal, bustadar og føremålsbygg, sikrar balanse mellom urbane og grønne areal, og set i verk tiltak for å redusere negativ påverknad på klima. Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og realisering av berekraftmåla i Norge. Vi er nærmast folk, lokale bedrifter og organisasjonar. Samtidig er vi ansvarleg for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar livskvaliteten til innbyggjarane og deira utviklingsmogelegheiter.

Regionale føringar:

Statsforvaltaren har dei siste åra presentert viktige styringssignal og oppdrag frå nasjonale myndigheiter ved å sende ut eit forventningsbrev til kommunane. Forventningsbrevet for 2022 finn du her. <https://www.statsforvalteren.no/more-og-romsdal/kommunal-styring/container-kommunemote/forventningsbrev-2022/>

Målet med forventningsbrevet er å informere om sentrale forventningar og oppdrag frå nasjonale myndigheiter. Vi ønsker med dette å bidra til at Statsforvaltaren og kommunane er best mogleg samordna omkring nasjonale føringar og oppdrag.

Lokale føringar:

### **Sykkylven kommune sin samfunnsdel**

Kommunane får ansvar for å implementere nasjonale og regionale føringar i sitt planverk. Sykkylven kommune sitt overordna planverk, samfunnsdelen til kommuneplanen, er no ute på høyring. Dokumentet som er ute på høyring seier følgjande overordna om visjon og satsingsområde:

*Sykkylven kommune sin visjon er:*

#### **SKAPARGLEDE**

*Skaparglede symboliserer den kreative krafta og pågangsmotet som har lagt grunnlaget for dagens Sykkylvs-samfunn.*

Visjonen er knytt til at Sykkylven:

- er ein kommune der skaparglede er ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet.
- skaper trivsel, sosiale og friske menneske som meistrar eigen kvardag
- er ein levande og skapande kommune, ein kommune med mangfald, som pulserer, skaper energi og kreativitet
- er eit samfunn som skaper gode løysingar, tilpassa den enkelte sine behov
- skaper gode tilhøve til naboane våre, og gjere nytte av at vi ligg nær både by og fjell
- bygg stoltheit og identitet ved å ta det beste frå fortida med oss inn i framtida
- er ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål

Sykkylven kommune skal i planperioden ha særleg fokus på:

- Berekraft
- Verdiskaping og arbeidsplassar
- Tenestekvalitet
- Bustadsituasjonen
- Livskvalitet, likeverd og mangfald

Fokusområda er eit resultat av politiske prioriteringar (arbeidsmøte kommunestyret), og er basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag og innspel til planarbeidet frå innbyggjarar og andre. Dersom samfunnsdelen vert vedtatt med desse satsingsområda, vil dei bli innlemma i kommunedirektøren sitt oppdragsbrev for 2023, og konkretisert i einingane sine verksemdsplanar. Videre vil dei bli rapportert på i Sykkylven kommune sin årsmelding. Det vil bli peika ut relevante måleindikatorar for områda som gjer at vi kan følgje med på om innsatsen vår bidreg til positiv utvikling.

Sykkylven kommune deltek i fylkeskommunen sitt prosjekt Berekraftsfylket Møre og Romsdal. Prosjektet kartlegg berekraftstatus etter ein metode som er ein del av FN-programmet U4SSC - United for Smart Sustainable Cities.

Kartlegginga er ei såkalla KPI-analyse (Key Performance Indicators, eller nøkkelindikatorar), med 92 indikatorar som måler status på berekraft i den enkelte kommune. Kartlegginga byggjer på FN sine berekraftsmål og dei tre hovuddimensjonane sosial berekraft, økonomisk berekraft og miljømessig berekraft. [Resultatet frå kartlegginga finn du her](#)

Sykkylven kommune skal vedta klima- og miljøplan i 2023. Denne vil kunne danne grunnlag for å innarbeide klimaperspektivet i budsjett- og økonomiplanlegginga gjennom klimabudsjett og klimarekneskap på ein meir heilskapleg måte.

*Sykkylven kommune sin planstrategi/ «plan for planlegging»*

	2020	2021	2022	2023
Kommuneplan Samfunnsdelen				
Ny plan. Berekraftfokus				
Kommuneplan Arealdelen				
Samordning av føresegner				
Kommunedelplan Nysæterområdet				
Strategiplan for skuleeigar				
Helse- og omsorgsplan				
Plan for legetenesta				
Rusmiddelpolitisk handlingsplan				
Kulturminneplan				
Anleggsplan for idrett				
Plan for utvikling av friluftslivsanelegg				
Næringsplan				
Landbruksplan				
Trafikktryggingssplan				
Energi og klimaplan				
Hovudplan vassforsyning				



Hovudplan avløp				
Løypeplan for Fjellsætra				
Interkommunal plan for Storfjorden				
Integrerings- og inkluderingsplan				
Bustadsosial handlingsplan				

I samband med rullering av det overordna planverket, både kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, vil det vere naturleg å revidere denne planoversikta slik den kjem fram i planstrategien. Ikkje alle planar har blitt gjennomført i samsvar med framdriftsplan, medan andre planbehov har dukka opp som et resultat av endra rammevilkår. Kommunedirektøren foreslår at det vert lagt fram ei eiga sak kring revidering av plenstrategien parallelt med at ny samfunnsdel vert vedtatt i 2023.

## Finansielle måltal- vedtatt av kommunestyret

Kommunelova § 14-1 slår fast eit grunnleggjande krav om at kommunane skal forvalte sin økonomi slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid. Som eit ledd i dette må alle kommunar vedta finansielle måltal.


[KS har gjennomført undersøkingar](#) knytt til kommunar si styring basert på økonomiske måltal og funna syner at langsiktig og politisk forankring av økonomistyring basert på finansielle måltal gir god effekt på langsiktig berekraftig økonomistyring i kommunar.

Sykkylven kommunestyre har vedtatt følgjande finansielle måltal, som no også er nedfelt i framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel:

1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035.

Måltala er ikkje absolutte for det einkilde rekneskaps år, men mål ein skal arbeide mot å nå.

### Utviklinga i måltal- grafar:



År 2022 er styringsmål gjennom 2022.

År 2023 er kommunedirektøren sitt budsjettframlegg.


Utviklinga i netto driftsresultat og driftsresultat i høve driftsinntektene har vore varierende dei siste åra. Det er likevel avgjerande at kommuneøkonomien er positiv over år for å sikre den økonomiske handlefridommen. Året 2021 gav eit positivt resultat og ein legg opp til at denne linja/målsettinga vert vidareført inn i 2023. Dett er mogleg gjennom den omstilling som ein legg opp til gjennom 2022 og inn i økonomiplanen 2023-2026.

### Analyse og statistikk:

Kommunane er gjenstand for analysering på mange område. Både kommune- stat rapporteringa ( [KOSTRA](#)), [fylkesstatistikken](#) som vert gitt ut kvart år, samt [Statistisk sentralbyrå](#) sine publiseringar av fakta om kommunar er eit viktig kunnskapsgrunnlag for dei politiske prioriteringane. Det er hovudsakleg i årsmeldinga for Sykkylven kommune denne analysa skjer. Denne kan difor sjåast på som eit oppspel til ein strategi og budsjettprosess der det med bakgrunn i analyse og evalueringar skal gjerast prioriteringar som til slutt skal vedtakast i budsjett og økonomiplanen. I dette dokumentet har kommunedirektøren plukka ut nokre overordna analysar.

### Ressursbruk:

Tabellen nedanfor syner dagens prioriteringar i Sykkylven kommune justert for utgiftsbehov, samanlikna med samanliknbare kommunar.



Tabellen viser at Sykkylven kommune i 2020 hadde noko større utgifter til skole og

barnehage enn samanlikningskommunar, og på den andre sida noko mindre utgifter til pleie og omsorg og barnevern. I budsjett 2022 vart det fordelt ein større del av tilgjengelege ressursar til helse, og til tross for dei demografiske endringane med færre unge og fleire eldre, antar ein at denne prioriteringsendringa vil kome til syne i statistikk for 2022.

Førebelse tal for 2022 vil vere klare i mars 2023. I årsmeldinga er det naturleg å leggje fram dei oppdaterte og meir detaljerte kostratal for Sykkylven kommune.

Som omtalt er tala justert for utgiftsbehovet. Utgiftsbehovet er berekna ut frå mange faktorar, mellom anna: Demografi (befolkningssamansetning), basiskriteriet, landbruk/dyrka mark, folkehelse, flyktningar, intern reiseavstand, andel barn med einslege forsørgjarar, andel barn som mottar kontantstøtte

Befolkning og demografi:

Auke eller nedgang i folketal har alltid svinga, men minus-åra har kome hyppigare seinare år.


Til dømes auka folketalet første tiåra etter tusenårsskiftet med til saman 279 personar.

Neste tiår var den samla endringa minus 37 personar. (SSB 06913)


Nye framskrivningar av folketalet (SSB august 2021) viser ein forventa nedgang frå 7596 innbyggjarar i 2021 til 7323 i 2030. Altså 273 færre personar på 10 år. (SSB 12882

Hovudalternativ MMMM) Kommunen blir i endå større grad avhengig av innvandring og tilflytting for å oppretthalde folketalet.

### Folketalsutviklinga 2007-2022



## Fleire eldre og færre unge




Aldersfordelinga endrar seg slik at vi blir fleire eldre og færre yngre. Demografiske endringar tilseier ei vesentleg forskyving av aldersfordelinga i kommunen. Fleire eldre og færre yngre gir endra tenestebehov og nye utfordringar for kommunen. Endringane får direkte følgjer for kommuneøkonomien og staten reduserer rammetilskotet til kommunen år for år.

## Rammefaktorar 2023

Statsbudsjettet framlagt frå regjeringa inneheld nokre føringar og oppgåve overføringar til kommunane. Dei frie inntektene (skatt og rammetilskot inkl. inntektsutjamning) vert fordelt gjennom inntektssystemet for kommunane. Det bygg på fleire ulike kriterium som går både på geografi og demografi. Det er sett ned eit utval som skal gå gjennom inntektssystemet for kommunane og som har kome med ei innstilling/høyringsutkast til nokre endringar i kriterium som ligg i inntektssystemet og omfordeling mellom kommunane. Slik dette ligg i dag gjev det ikkje større endringar for Sykkylven kommune slik det ligg, utover at overføringane til kommunal sektor generelt inneheld ein realnedgang og med forventningar om effektivisering i kommunane.

## Utvikling i frie inntekter for Sykkylven kommune



Utjamning av innbyggjartilskotet ( utgiftsutjamninga)

I utgangspunktet mottek alle kommunar det same beløpet per innbyggjar som rammetilskot. Det er dette tilskotet samt kommunen sin skatteinnang som utgjer hovuddelen av dei frie inntektene kommunen får over statsbudsjettet. På grunn av at kommunar kan ha forskjellige utfordringar som påverkar driftskostnadane, bereknast det ei utjamning av innbyggjartilskotet som den enkelte kommune får. Kommunar som er berekna til å vere billigare å drive får sitt innbyggjartilskot redusert, desse pengane går så til å gje ekstra tilskot til kommunar som har eit høgare, berekna kostnadsnivå.

Berekningane av kostnadsnivå seier at ein gjennomsnittskommune har ein såkalla kostnadsindeks på 100. Sykkylven kommune er for 2023 berekna til å ha en kostnadsindeks på 93, dette betyr at kommunen er berekna til å trenge 7 % mindre i rammetilskot for å dekke basistenestene sine.

Du kan lese meir om rammetilskot, skatt og utgiftsutjamning for Sykkylven og alle norske kommunar på nettsida [Frie inntekter](#)

## Kommunen sine frie disponible inntekter 2023

<b>Sykkylven</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Innbyggertilskudd	197 883	213 356
Utgifts utjevnenende tilskudd/trekk	8 523	9 572
Korreksjonsordningen for elever i statlige/private skoler	-7 604	-7 483
Inntektsgarantertilskudd, netto	3 514	518
Tilskudd til saker med særskilt fordeling	-6 331	-2 224
Distriktstilskudd Sør-Norge/småkommunetilskudd	2 062	2 131
Distriktstilskudd Nord-Norge	0	0
Veksttilskudd	0	0
Storbytilskudd	0	0
Regionsentertilskudd	0	0
Skjønntilskudd*	0	400
<b>= Sum rammetilskudd (fast del) ved framleggelsen av statsbudsjett</b>	<b>198 048</b>	<b>216 271</b>
Anslag inntektsutjevnenende tilskudd/trekk fra KDD i statsbudsjettet	32 384	38 606
Skatteinntektsanslag fra KDD i statsbudsjettet	218 283	225 227
Endring rammetilskudd etter budsjettsaldering (inkl. Tilleggsnummer)	-44	
Økning av rammetilskuddet på 300 mill. kr for å dekke økte utgifter til sosialhjelp	314	
Endring rammetilskudd i RNB (inkl. budsjettavtale på Stortinget)	-12 104	
Dekning av vaksinasjonsutgifter	985	
Forlengelse av kvalifikasjons-programmet	12	
Endring i anslag skatt/inntektsutjevning fra KDD målt mot oppr. anslag	25 987	
<b>= Sum frie inntekter (skatt og rammetilskudd)</b>	<b>463 865</b>	<b>480 104</b>
Oppgavekorrigering	-221	
<b>= Anslag på oppgavekorrigerte frie inntekter</b>	<b>463 644</b>	<b>480 104</b>



## Inntektsrammer 2023 til fordeling på tenestene

( I tillegg til dei frie inntektene har kommunen andre sentrale inntekter slik det kjem fram i tabellen under frå punkt 3)

INNTEKTER	Buds(end)	Buds(end)	Buds(end)	Budsjett	Merknad
	2020	2021	2022	2023	
kapittel 9					
SKATT PÅ FORMUE OG INNTEKT	-195 187 000	-210 259 000	-221 283 000	-225 227 000	1
RAMMETILSKOT	-248 344 000	-238 363 000	-241 158 000	-254 877 000	2
EIGEDOMSSKATT	-7 696 338	-12 499 178	-15 000 000	-21 000 000	3
GEN TILSKOT FLYKTNINGAR	-13 500 000	-10 800 000	-10 800 000	-16 800 000	4
KOMPENSASJON OMSORGBUSTADER	-658 000	-607 571	-600 000	-636 049	5
KOMPENSASJON BUAS	-1 694 500	-1 548 099	-1 550 000	-1 550 000	5
RESERVEVE - KOMMUNESTYRET	-	710 904	300 000	300 000	6
RESERVEVE TIL LØNNSAUKE	-2 629 145	13 732 000	6 900 000	1 500 000	7
PREMIEAVVIK, BRUK AV PREMIEFOND	205 500	-10 440 000	-10 440 000	-9 000 000	8
RENTER OG AVDRAG EIGNE LÅN	27 373 173	25 508 000	26 600 000	41 000 000	9
STARTLÅN - RENTER	100 000	100 000	100 000	100 000	
ORDINÆRE RENTER OG GEBYR	-697 223	-897 223	-90 000	-90 000	
UTBYTTE FRÅ SELSKAP	-8 000 000	-6 500 000	-7 000 000	-7 000 000	10
UTBYGGINGSAVTALAR NYSÆTRA	-285 000	-285 000	-300 000	-300 000	11
HAVBRUKSFOND	-	-	-1 500 000	-1 500 000	12
DISPOSISJONSFOND	-1 107 912	-7 063 161	-1 214 000	6 500 000	13
ORDINÆRE AVSKRIVINGAR	-22 485 540	-23 605 272	-23 600 000	-23 600 000	
<b>Sum ansvar: 9</b>	<b>-484 556 415</b>	<b>-482 816 600</b>	<b>-500 635 000</b>	<b>-512 180 049</b>	

Merknader:

1. Regjeringa sitt anslag til forventa skatteinntang for Sykkylven kommune 2023.
2. Regjeringa sitt anslag til forventa samla rammetilskot for Sykkylven kommune 2023.
3. Kommunedirektøren sitt forslag om å auke eigedomsskatten i 2023 ved auke i sats fra 3,2 til 4,0 i 2023.
4. Tilskot flykningar 2023 er auka med 6 million kroner frå 2022, då vi tek imot fleire enn før frå Ukraina. Same sum er lagt til på utgiftssida for å styrke tenestene som skal bidra til godt integreringsarbeid.
5. Kompensasjonsordning frå tidlegare år vidareførast i 2023 – tidlegare byggetilskot.
6. Kommunestyre sin «sekkepost» til disposisjon.
7. Avsetnadar til lønns og prisauke. Denne er redusert til langt under den forventa kommunale deflator ( lønns og prisvekst) Dette inneber at einingane sine rammer må handtere lønns og prisveksten gjennom effektivisering i drifta.
8. Premiefondet og bruk av dette er nedjustert til sammenlikning med tidlige år.
9. Auke i lånegjeld og rente i 2023 utgjør ein driftskonsekvens på 14,4 million.
10. Utbytte fra Sykkylven Energi AS er vidareført på 2022 nivå på 7 million.
11. Utbyggings avtalar Fjellsetra er budsjettet for dekking av lån – veg.
12. Havbruksfondet er forventa å gje 1,5 million i 2023, ikkje avklart for 2022 enno.
13. Avsetnad til disposisjonsfond i samsvar med finansielle mål. Dette er viktig for å unngå at innbyggjarane opplever kutt i tenestene frå eitt år til eit anna. Driftsfondet skal vere ein buffer ved uføresette hendingar og behov for omstilling over tid.

### Forslag til fordeling av midlar til drift av tenestene for 2023.

Kommunedirektøren foreslår at budsjettet for 2023 vert vedteke på desse samleområda:

- Skule
- Barnehage
- Kultur
- Tekniske tenester
- Fellestenestene, Lønn og personal, Kommuneleiing
- Helse

Etter at omorganiseringa er gjennomført vil det vere naudsynt med ein budsjettrevisjon der rammer vert tildelt dei nye områda. Kommunestyret vil då bli utfordra på å tildele budsjetttrammer for den nye organisasjonen i løpet av 2023.

### Løyvingane til kvart budsjettområde

	Buds(end)	Buds(end)	Buds(end)	Budsjett framlegg	Merknad
	2020	2021	2022	2023	
Barnehagar	62 382 867	60 676 644	58 421 145	63 320 145	1
Oppvekst	99 107 922	100 242 259	136 759 440	141 121 440	2
Helse	207 415 536	211 309 732	189 678 125	193 597 125	3
kultur	11 128 395	10 289 202	10 442 713	10 130 713	4
Teknisk	60 393 367	58 172 255	62 089 751	59 179 200	5
Felles,adm og næring	33 132 518	31 742 363	32 161 450	33 570 050	6
Politisk	10 995 810	10 384 145	11 082 376	11 261 376	7
<b>TOTALT</b>	<b>484 556 415</b>	<b>482 816 600</b>	<b>500 635 000</b>	<b>512 180 049</b>	

*NB! Barne- og familietenestene vart flytta frå Helse til Oppvekst i 2022.*

Merknader til budsjettområda:

1. Ramma til barnehagar har i utgangspunktet blitt redusert med 3% i høve 2022-budsjettet (av den delen som går til kommunale barnehagar). Denne reduksjonen har i blitt redusert gjennom kompensasjon i statsbudsjettet knytt til: makspris og tredje barn gratis, i tillegg til ein nedgang knytt til pensjonstilskot til private barnehagar. Vi har for 2023 lagt inn ein auke på 5 millionar i tilskot til private barnehagar. (sjå forklaring under omtalen av tenesteområdet barnehage)
2. Ramma til oppvekst (skule og barn/familie) er i utgangspunktet redusert med 3% i forhold til 2022 budsjettet.

Denne reduksjonen har i etterkant blitt kompensert gjennom midlar frå statsbudsjettet knytt til: gratis SFO i 1.klasse, barnevernsreforma og barnekoordinator.

Det er lagt inn ein auke på Flyktingtenesta med 6 million pga. auke i talet på flyktningar. Elles lagt inn kr. 380 000 til førebyggjande arbeid/psykisk helse innan oppvekstområdet.


3. Ramma til helse er redusert med 3% av alt med unntak av legetenesta og til ressurskrevjande brukarar i bu- og rehabiliteringstenestene. Legetenesta får ei styrka ramme på om lag 3 million i høve opprinneleg budsjett for 2022. Dette med bakgrunn i dei nasjonale og lokale utfordringane med konkurranse om fastlegar som har bidratt til ein enorm kostnadsauke knytt til omfattande vikarbruk. Det er knytt stor usikkerheit til dette området. Ressurskrevjande einetiltak i pleie- og omsorgstenesta er og kostnadsrekna til 7,5 million kroner og dermed lagt til i den samla ramma. Elles lagt inn kr. 380 000 til førebyggjande arbeid/psykisk helse innan området.
4. Ramma til kultur er redusert med 3% i høve til 2022-budsjettet.
5. Ramma til teknisk er redusert med 3% i høve til 2022-budsjettet. I tillegg er områda for Næring flytta til kapittel 7 under kommunedirektøren. Denne flyttinga utgjer i overkant av ca 1 million.
6. Ramma til fellestenestene, administrasjon og næring er redusert med 3% i høve 2022. Det er gjort auke som fylgje av flyttinga av næring, samt at omstillingsprogrammet er finansiert i drifta med kr. 700 000 for 2023. Det er gjort endringar i høve ramma pga. vakansar i 2022 budsjettet.
7. Ramma til politisk er redusert med 3% i høve 2022. Det er lagt til for valåret 2023 og tilskot til Høbben (kr. 100 000). Det er i tillegg lagt inn kr. 450 000 for tilskot Storfjordsambandet AS i 2023.

## Dei kommunale tenestene

Med bakgrunn i innhaldet i den innleiande kommentaren frå kommunedirektøren har det som omtalt blitt jobba med følgjande prinsipp for omstilling til eit berekraftig driftsnivå for kommunale tenester i Sykkylven kommune.

### **Overordna prinsipp for omstilling til berekraftige tenester til innbyggjarane i Sykkylven kommune**

- **Vi nyttar dei samla ressursane rett og rettferdig til det beste for alle innbyggjarar.** Strukturendringar kan bidra til dette. Større skular, samlokaliserte bufellesskap osv. Dette vil bidra til at vi når fleire med dei ressursane vi har.
- **Vi tildeler tenester målretta og avgrensa for å sikre at vi rettar innsatsen mot der det har mest effekt.** Kortare og meir avgrensa tilbod til enkeltpersonar vil sikre at fleire får glede av det vi har av samla ressursar.
- **Vi er tidleg ute med førebyggjande tiltak.** Vi legg til rette for at innbyggjarane meistrar eige liv så lenge som mogeleg. Dette vil utsetje dei meir inngripande og ressurskrevjande tiltaka. Tidleg innsats samarbeider vi om med frivillige, pårørande og næringsliv. Vi har ein bustadpolitikk og eit investeringsprogram som støttar opp om dette.
- **Vi tenkjer klima og miljø i alt vi gjer:** arealeffektivitet og sambruk, energisparing og ressursparing generelt, og vi nyttar innkjøpsstrategien vår til å påverke positivt.
- **Vi endrar organisasjonen i takt med nye behov.** Vi skal til ei kvar tid ha ein organisasjon med tydelege roller og ansvar, som reduserer sårbarheit og sikrar heilskapstenking, og som er tilpassa kommunen sin økonomi.



Denne tenkinga kan visualiserast gjennom trinn i ei trapp. Dei lågaste trinn handlar om aktive lokalsamfunn som bidreg til møteplassar og livskvalitet for innbyggjarane på ein slik måte at det reduserer behovet for meir inngripande tiltak lenger opp trappa. Kommunen skal likevel ha tilbod på alle trinn, også i framtida. Poenget er at vi kan ikkje nytte alle våre ressursar på dei øvste trinna, då dette hindrar oss i å bidra med ressursar til førebygging.

Med utgangspunkt i desse trinna og denne tenkinga vil de bli utvikla oppdragsbrev frå kommunedirektøren, samt verksemdsplanar i einingane som konkretiserer tenkinga i konkret handling.

## Helse og omsorg og velferdstenestene

### **Kommunalområdet Helse og omsorg og velferdstenestene omfattar desse einingane**

- Bu- og aktivitetssenteret
- Heimetenestene
- NAV Sykkylven - Stranda
- Bu- og rehabiliteringstenestene
- Helse og velferd

### **Generelt om området**

Helse, omsorgs- og velferdstenester utgjer den største delen av dei kommunale tenestene i Sykkylven kommune. Omstilling på dette området er avgjerande for å kunne møte dei demografiske endringane og redusert tilgang på arbeidskraft. Endringar i demografien tilseier at det vil vere avgjerande at kommunen greier å iverksette tiltak som medfører innsats på lågast mogleg nivå, samtidig som når behovet er til stades, har vi gode tilrettelagte bu tilbod, avlastande tenester og institusjonsplassar. Med tanke på å etablere eit berekraftig tenestenivå og gode samanhengande tenester, må vi arbeide smart, og på fleire område. Tenestene vert i stor grad påverka av samfunnsutvikling, demografi, nasjonale føringar, overføringar av oppgåver og endringar innan spesialisthelsetenesta. Dette inneber at kommunane i større grad må ruste seg for meir spesialisert kompetanse i tenestene og skal framover handtere meir komplekse oppgåver lokalt og nær brukaren. Knappe ressursar på personell framover gjer at vi i større grad må nytte nye arbeidsmetodar og digitale løysingar i møte med kvar enkelt brukar av helse og omsorgstenester. Folkehelsearbeid handlar om å skape eit godt helsefundament og eigenomsorg i befolkninga, og beskriv det som vert viktig for å rigge oss for eit aldersvenleg samfunn. For å redusere behovet for helse og omsorgstenester må både teknisk, kultur, oppvekst og frivillig sektor bidra og vert avgjerande for å sikre førebyggjande innsats.

Velferdsteknologi er ei nasjonal satsing og ein ser store menneskelege og økonomiske fordelar ved at det i større grad vert nytta i helsetenestene. For å dimensjonere helse og omsorgstenestene rett framover, må vi iverksette strategiske og strukturelle grep. Dette skal bidra til å sikre at vi er budde på auken i ressursbehov dei neste åra. Den vedtekne Helse og omsorgsplanen 2021-2026 gir retning og mål framover saman med innsatstrappa.

Vi skal ha gode tenester for å sikre at innbyggjaren i Sykkylven skal kunne bu heime lengst mogleg i eigen heim. Vi har i dag tilgjengelege ambulante tenester som heimehjelp og heimesjukepleie og innsatsteam. For å sikre innhald, aktivitet og sosiale møteplassar har vi dagtilbod både til eldre og demente. Dette skal bidra til at eldre skal kunne bu heime lengst mogleg. Vi har i tillegg mange ulike tenester på meir inngripande nivå, både leilegheiter samlokaliserte med bemanning tilgjengeleg, og når det ikkje lenger fungerer å bu i eigen

heim, kan vi i dag tilby ulike institusjonsplassar og skjerma tilbod. Vi har både palliative plassar og KAD- seng (øyeblikkelig helseteneste døgn). Demensomsorga og framskrivinga tilseier at det vert mange fleire eldre med demens i åra som kjem. Det er viktig korleis vi greier å imøtekomme dei oppgåvene som må til for å sikre at vi har ein god demensomsorg. Korleis vi varetek den demente i tidleg fase i eigen heim, gir tilbod om avlastande tenester til pårørande for at dei skal stå i omsorgsoppgåvene, og sikrar bu tilbod og skjerma tilbod når behovet kjem, vert svært viktig å legge til rette for.

Barn, unge og vaksne med ulike former for funksjonshindringar skal også sikrast gode tilbod om tenester på ulike nivå, og livsløpstenking og heilskap i tenestene må vere sentralt i møte med brukaren. Gjennom koordinerande tiltak, støttekontakt og avlastande tenester, og gode bu tilbod med bemanning skal vi kunne ivareta brukar og pårørande sine behov. Dei som vel å bu i egne bustader vert gitt ambulant tilbod, og vi har i dag bustader til dei som treng tilgjengeleg personell gjennom døgnet.

Kommunalområdet har tilbod om avlastning til barn og unge både i og utanfor institusjon, støttekontakt, dagtilbod, tilbod om psykisk helse og rus tiltak, forebyggjande og rehabiliterande tenester, mellom anna fysio- og ergoterapiteneste, hjelpemiddel, velferdsteknologi og frivilligsentral.

Koordinering og tildeling av tenester er lagt til tenestekontoret som vurderer, sakshandsamar og fattar vedtak om helse og omsorgstenester til både barn, ungdom, vaksne og eldre. Det er viktig å koordinere tilbodet rundt ein brukar, og vi har Sampro sin elektroniske Individuelle plan som skal sikre deltaking, involvering og koordinering rundt og saman med brukar. Innsatsteam har ein viktig funksjon inn mot å styrke, kartlegge og auke innsats for sjølvstende og meistring i eigen heim lengst mogleg. Alle eldre 80+ får tilbod om heimebesøk.

NAV Sykkylven-Stranda skal vere tilgjengeleg og mobil, og møte innbyggjar for samtale, råd og har ulike støtteordningar.

Legetenester og akutt helseberedskap er ei viktig oppgåve, og Sykkylven er vertskommune for legevakt for Stranda. Vi er også vertskommune for Stranda med delt kommuneoverlege som skal bidra til samfunnsmedisinsk arbeid. Tenestene gir også tilbod om kommunale oppgåver som helsestasjonslege og lege på helsestasjon inklusiv oppfølging av flyktningar, helsestasjon for ungdom og tilsynslege ved institusjon.

Økonomisk ramme med endring frå 2022	2022	2023
	189 678 125	193 597 200

### **Utfordringar og mogelegheiter:**

Strategien som ligg i innsatstrappa skal bidra til at det vert skapt mål, og bevisstheit rundt kva for helsegevinst det ligg i meistring og deltaking gjennom aktivitet for eldre



heimebuande. Målet er minst mogleg inngripen i ein innbyggjar sitt liv. Framover blir det svært viktig at vi saman med innbyggjar skaper felles forståing for denne satsinga. Vi må også som kommune sikre kva eit godt samfunn er og kva som skal til for å bidra til eit aldersvenleg samfunn og sikre at vi følger «Leve heile livet» reforma.

- God innbyggjardialog er viktig og innbyggjaren må oppleve likeverd i møte med kommunen
- Førebygging vil utsette behovet for meir inngripande helse og omsorgstenester
- Frivillig arbeid må vere godt koordinert med klare mål for korleis vi skal drive frivillig arbeid framover
- velferdsteknologi gir moglegheit for sjølvstende og meistring i ulike livsfasar
- Kva nivå vi har på tenestene vert også skapt ved dei forventningar vi har til tilbodet kommunen har og skal ha
- Vi skal førebygge meir og reparere mindre, og starte innsats på lågast mogleg nivå
- Vi må finne gode løysingar for korleis vi skal prioritere aktivitet og innsats framover
- Vi må sikre koordinerte tenester for best mogleg heilheit i kommunens tenestetilbod
- Behov for å avklare framtidig organisering av barnekoordinator
- For at personar med demens skal kunne bu lengst mogleg heime treng vi auka innsats inn mot støtte tiltak til pårørande som blant anna avlastning og dagtilbod
- Utfordring innan legetenestene er at det er endring i oppgåvene til kommunen, overføring av oppgåver frå spesialisthelsetenesta, auka krav til medisinsk-fagleg kompetanse og tenesteyting lokalt og i heimane vert meir spesialisert.
- Ei fastlegeordning skal sikre at vi har tilgjengeleg legehjelp for alle som bur eller oppheld seg i kommunen

Det er ei utfordring å justere driftsnivået til vedtatt budsjett. Kommunalområdet har hatt eit meirforbruk både i 2021 og no i 2022 sett under eitt, med nytt legesenter i ny eining. Det har vore kostnadskrevjande å ta over ei legeteneste midt i ei fastlegekrise, med flukt frå fastlegeordninga. Å drive kommunalt legesenter med berre kommunalt tilsette fastlegar ser ikkje ut til i seg sjølv å vere berekraftig over tid, forutan at det vert endå sterkare statlege grep framover. Det er difor naudsynt at vi har utarbeida vår eigen modell som legg til rette for å ha eit legesenter som består både av næringsdrivande og av kommunalt tilsette legar.

I pleie og omsorgstenestene er det gjort store grep dei siste åra for å rigge oss inn i framtida med ein demografi som viser ei stor eldrebølge i Sykkylven. Vi greidde å dreie tenestene fram til 2020 då kommunen la ned fleire plassar institusjon og bustader med heildøgns omsorg, og det er så langt gjort viktige grep innan eldreomsorga. Det er også i 2022 inngått tilvisingsavtalar i to prosjekt som bygger leilegheit for utleige, der kommunen kan tilvise inntil 40% av leilegheitene. Sentrumsnære bustader vil sikre meir tilgjengelege tenester – som nokon kallar «300 meter strategien» eller «rullatoravstand». I tida framover må vi arbeide smart med å definere kva innsats nivå vi skal ha på tenestene for å sikre berekraftig

økonomi. Skal vi for eksempel etablere bukollektiv for demente som ligg på eit lågare nivå i innsatsen?

I bu og rehabiliteringstenestene er bustadmassen det vert gitt tenester i utfordrande då utforming reduserer samdriftsfordelar og behov for andre buformer for den eldre med nedsett funksjonsevne vert vurdert. Bustadtrapp i tilknytning til innsatstrapp kan vere ein måte å tydeleggjere kva innsatsnivå det skal vere på ulike buformer framover.

Moglegheitene innan sosiale tenester ligg i råd og rettleiing for å sikre at vi saman finn gode løysingar med innbyggjarar som står i sårbare situasjonar.

Ungdom som står i fare for eller som står langt frå arbeidslivet treng oppfølging for å kunne nå mål om arbeid og aktivitet. Flyktingar frå Ukraina har kort introduksjonsløp som gjer at dei snakkar i liten grad norsk etter gjennomgått introduksjonsprogram. Fleire har heller ikkje rettigheter til å vere med i programma grunna helseproblem og alder, og vil då vere avhengig av økonomisk sosialhjelp.

### ***Hovudtiltak for å sikre økonomiske berekraftige tenester i økonomiplanperioden***

#### ***Då må vi***

- Gjere strukturelle og strategiske grep som kan bidra til at vi kan gå ned på årsverksramme for å sikre ein meir berekraftig økonomi, dette vert iverksett i 2023 gjennom i heile organisasjonen
- etablere funksjonelle bustader og differensierte buformer
- Styrke budsjett grunna nye brukarar eller auke i brukarbehov, og som skal sikre at vi driv etter lovpålagte og forsvarlege tenester
- auke innsats mot dagsenter, avlastande tenester, støttekontakt og frivillig innsats, nettopp for å sikre innsats på steg lågast i trappa. Dette skal bidra til å ivareta pårørande som står i særleg krevjande oppgåver, og vere med å utsette behov for meir inngrepande tiltak
- sjå på tildelingskriteria for tildeling av helse og omsorgs tenester med mål om «kva er viktig for deg» og kva er «godt nok» for å sikre rett nivå på tenestene
- sette inn tiltak for å redusere sjukefråvær og unngå bruk av vikarbyrå
- vurdere turnusar som kan gi betre flyt for dei som mottok tenester, og som legg til rette for betre arbeidskvardagar for tilsette
- Sikre rett bruk av kompetanse
- følgje prioriteringane til NAV, styrke rettleiing og brukaroppfølging som skal bidra til sysselsetting og som skal forhindre at innbyggjarar vert sosialhjelpsmottakarar
- sikre saumlause overgangar til barn og unge som har behov for heildagstilbod på dagtid (før/etter skoletidsordning) ut frå vedtak etter helse og omsorgstenestelova, organisert i tett dialog mellom skule og helsetenestene. Dette skal bidra til at foreldre til born med ulike funksjonshindringar og som må ha tilsyn, kan vere yrkesaktive
- få kontroll på drifta av legesenteret, både utgifter og inntekter

## Kultureininga

### Generelt om området:

Kultureininga omfattar generelt kulturarbeid, bibliotek, kinodrift, kulturskule og diverse idrettstiltak.

Sykkylven kommune skal tilby kunst- og kulturaktivitetar og opplevingar i eit breitt spekter og av høg kvalitet. Eit vitalt kunst- og kulturliv er nødvendig i eit moderne samfunn. Tilgangen til eit mangfald av kunst- og kulturopplevingar skal vere god og alle som ønskjer, skal ha høve til å uttrykke seg gjennom kunst og kultur.

Vi vil at innbyggjarar og tilreisande skal få gode opplevingar, god helse og livskvalitet gjennom dei kommunale tenestene, og idretts- og friluftstilbod. Sykkylven kommune skal stimulere sine innbyggjarar til auka deltaking, glede og meistring i kultur, idrett og friluftsliv.

Vi skal tilby profesjonelle tenester og ha eit kvalitetstilbod gjennom ulike kunst- og kulturarenaer i kommunen.

Sykkylven kulturhus er ein viktig møteplass for lag og organisasjonar, frivillig kulturliv og generell møteverksemd. Bygget har symjehall, kino- og kultursal og fleire møterom og øvingsrom under eitt og same tak.

Sykkylven kulturskule skal vere eit ressurscenter for heile kommunen. Undervisninga skjer hovudsakleg i kulturhuset, men i løpet av hausten 2023 vil kulturskulen få nye og dedikerte lokale i den nye sentrumsskolen – Aure barneskule. Kulturskulen har fokus på eleven, meistringsglede, kunnskap og kreativitet. Kulturskulen følgjer Norsk kulturskuleråd sin rammeplan for kulturskule, og tilbyr undervisning innanfor ulike kulturuttrykk.

Sykkylven bibliotek - ein stad å oppleve, ein stad å vere, ein stad å låne, lese og lære. Bibliotek er på flyttefot, og skal rett over nyttår flytte inn i nye lokale i «Sparebankbygget». Dei nye lokala vil gi ei unik mogelegheit til god kontakt med både barn, unge og eldre. Biblioteket blir eit meir-ope bibliotek og det blir spennande å sjå korleis bruken av det nye biblioteket vil utvikle seg framover.

Økonomisk ramme med endring frå 2022	2022	2023
	10 445 713	10 130 713

### Mogelegheter og utfordringar:

Det er eit svært aktivt kulturliv i Sykkylven, og kultureininga er ein viktig og ressurssterk bidragsytar inn mot dette kulturlivet. Sjølv om ikkje kommunen dei seinare åra har klart å avsette kulturmidlar til fordeling på lag og organisasjonar, er det slik at ein stor del av

midlane som blir avsett på kulturbudsjettet kjem kulturlivet til gode – i form av støtte knytt til anlegg, arrangement og kulturarbeid.

Det er likevel ei utfordring å justere driftsnivået til vedtatt budsjett. Kultureininga har nok vorte råka av inntektssvikt som følgje av koronapandemien. Eininga har hatt overforbruk dei siste åra, og det er viktig å kunne justere driftsnivået til budsjettramma.

For 2023 er stillinga som idrettskonsulent sett vakant pga. oppseiing, og arbeidsoppgåvene må inntil vidare ivaretakast av einingsleiar. Folkehelsekoordinatorarbeidet, som også låg til denne stillinga, må vidareførast, men korleis dette skal organiserast er enno ikkje klart. Dette må gå inn i det omstillingsarbeidet som kommunedirektøren har varsla frå januar 2023.

Kulturskulen blir frå hausten 2023 flytta fysisk til den nye sentrumsskulen, og gjennom drøftingar i det omtalte omstillingsprosjektet må det også avklarast kvar kulturskulen skal vere organisatorisk plassert i organisasjonen framover.

Ei flytting av kulturskulen, ei vakant idrettskonsulentstilling og usikker plassering av folkehelsekoordinatorstillinga, gjer at samansettinga av kultureininga vil kunne bli annleis. Det er viktig å få til gode og ivaretakande prosessar rundt dette.

#### **Hovudtiltak for å sikre økonomiske berekraftige tenester i økonomiplanperioden:**

- I samband med omstillingsarbeidet som er varsla i den kommunale organisasjonen, blir det viktig å gjere gode prioriteringar og vurderingar også innanfor kulturfeltet, slik at vi klarer å ivareta både det aktive kulturlivet sine interesser og behov, samtidig som vi definerer tydeleg kommunen si rolle som både tilretteleggar og medspelar.

## Barnehage

### Einingar innanfor området

Blakstad naturbarnehage

Ullavik barnehage

Vik barnehage

Felles barnehageadministrasjon

Private barnehagar (overføringar), lagt til felles barnehageadministrasjon

### Generelt om området:

Barnehagen skal, i samarbeid med heimen, ta i vare barna sine behov for omsorg, leik, læring og sosial kompetanse. Barnets beste er eit grunnleggande omsyn. Gjennom helsefremjande miljø skal ein legge til rette for at alle barn får gode utviklingsmogelegheiter og får ein god start på den livslange læringa. Målet er å skape robuste barn som er best mogeleg rusta til å meistre livet sitt.

I Sykkylven er det no 3 kommunale barnehagar og 4 private barnehagar. Blakstad naturbarnehage er den minste av dei kommunale barnehagane og har no ca. 28 barn. Ullavik barnehage er den nest største av dei kommunale med litt over 50 barn, og Vikedalen barnehage er den største med knapt 60 barn.

Dei siste 2 åra har kommunen lagt ned to kommunale barnehagar, Vik og Tandstad. Dette har blitt gjort med bakgrunn i sterk nedgang i fødselstalet, og det må reknast som ei tilpassing av tilbodet.

Økonomisk ramme m endring frå 2022	2022	2023
	58 418 000	63 320 145

### Mogelegheiter og utfordringar:

Barnetalsnedgang og strukturendringar

Dei seinare åra har barnetalet i Sykkylven vist ein jamn nedgang. Samanlikna med for nokre år sidan, blir det i dag fødd om lag halvparten så mange barn pr år som det som var vanleg. I lys av dette har kommunen tilpassa talet på barnehageplassar og lagt ned to barnehagar i løpet av to år. Det har medført eit press på talet på barnehageplassar i sentrum dette året, men kommunedirektøren ser at dette vil vere mogeleg å kompensere gjennom å ta i bruk SFO ved noverande Ullavik skule til ei barnehageavdeling frå hausten 2023. Det kan sjå ut som om nedgangen i talet på barnefødselar har stagnert, og at det kan vere lov til å håpe på mellom 50-60 fødselar pr år framover. Men SSB sine prognosar for Sykkylven er ikkje positiv lesnad for åra etter 2025...

### Overføring til private barnehagar

Den strukturendringa som kommunen har gjennomført innanfor sine barnehagar, har gitt rom for at dei private barnehagane har kunne tatt inn ein større andel av nyfødde og nytilflytta barn. Men også dei private barnehagane i sentrum har no fylt opp sine plassar. Dei private barnehagane får eit kommunalt tilskot pr barn. Det er ulike tilskot på små og store barn. Overføringa blir utrekna på grunnlag av kommunale driftsutgifter for barnehagane 2 år tilbake, samt det barnetalet som går i dei private barnehagane pr no. Det betyr at tilskotssatsen for 2023 bygg på rekneskapstal for den kommunale barnehagedrifta i 2021, og dermed får vi enno ikkje med oss den effektiviseringa som vi forventar som følge av strukturendringar på barnehageområdet dei siste åra. Full effekt av nedleggingane av Vik og Tandstad får vi først ved utrekning av tilskotssatsar for 2025.

### Prioritert drift

I lys av den økonomiske situasjonen og utviklinga i barnetalet, må vi fortsette å optimalisere barnehagetilbodet slik at vi får mest mogeleg og best mogeleg barnehagedrift for kvar krone. Det er allereie svært nøktern drift i barnehagane, og nesten heile budsjettet går med til lønnsmidlar. Det er berre snakk om rundt 100 000 til reine driftsmidlar pr år pr barnehage. I ein slik situasjon må vi prioritere strengt, slik at budsjettmidlane når flest mogeleg og at kvaliteten i tilbodet ikkje blir forringa. Det kan derfor vere nødvendig å sjå på t.d. både opningstider og ferieopning i samband med det foreståande omstillingsprosjektet.

### Sykkylven kommune som barnehagemyndigheit:

- Skal dimensjonere barnehagetilbodet totalt slik at kommunen oppfyller lovfesta rett til barnehageplass
- Skal finansiere alle barnehagar (kommunale og private), inkludert kommunalt tilskot til private barnehagar
- Er ansvarleg for drift av spesialpedagogisk team og for å gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp til førskulebarn
- Er godkjennings- og tilsynsmyndigheit på barnehageområdet
- Skal rettleie både kommunale og private barnehagar
- Skal samarbeide med Statsforvalteren og sørge for rapportering av barnehageområdet
- Skal drive kompetanseutvikling i alle barnehagar

### Kompetanseheving

Dei fleste barnehagane i Sykkylven deltek aktivt i dei kompetansehevingstiltaka som vert organisert gjennom region Nordre Sunnmøre, med Høgskulen i Volda som fagleg samarbeidspartnar. Det viktigaste tiltaket er det barnehagebaserte utviklingsarbeidet (ReKomp) som involverer heile personalet, og som finn stad i den enkelte barnehage. Barnehagane kan kvart år velje mellom åtte hovudtema dei vil fordjupe seg i.

Sykkylven deltek også i Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk (nasjonal satsing). Målet er å styrke det tverrfaglege samarbeidet og «laget rundt barnet». Barnehagane har gjennomført ei stor behovs- og kompetansekartlegging som skal danne grunnlaget for lokale satsingsområde.

«Kompetanseutviklingsplan for barnehagane i Sykkylven 2022-2026» vart vedtatt tidlegare i år. Denne planen skisserer også andre kompetanse- og utviklingsområde for barnehagane i Sykkylven.

#### Rekruttering

Barnehagane i Sykkylven har per dato full dekking av pedagogar i høve norma. I tillegg ligg vi over landsnittet for andelen fagarbeidarar blant assistentane. Dette er positivt. Nedgangen i talet på barnehagebarn, omorganisering og nedlegging av barnehagar har gjort at fokuset på rekruttering ikkje har stått i høgsetet dei siste par åra. Men kommunale barnehagar har deltatt i lærlingeordninga og legg samtidig vinn på å rekruttere fleire mannlege tilsette i barnehagane, til dømes når vikarar hyrast leigast inn.

#### Samarbeid på barnehagesektoren

Samarbeidet mellom kommunale og private barnehagar er godt. Styrarane møtast fast ein gong per måned gjennom styrarnettverk. Solid Start er den største felles satsinga. Gjennom «Den Sykkylvske Barnehage» (eigen plan) blir ei rekkje samarbeidstiltak konkretisert. Det er ei sams forståing for at barnehagane gjennom samarbeid, erfaringsdeling og felles satsing kan skape eit betre barnehagetilbod for barna i Sykkylven.

#### **Hovudtiltak for å sikre økonomisk berekraftige tenester i 2023 og i økonomiplanperioden:**

- Det viktigaste vi kan gjere for å sikre ei berekraftig teneste i åra framover er å optimalisere drifta med fulle kommunale barnehagar i høve til bemanningsnorma.
- Å utvide ein av sentrumsbarnehagane til å kunne ta inn fleire barn, og dermed få stordriftsfordelar og enno lågare snittpris, vil også vere eit fornuftig grep. Det er også tanken bak å ta i bruk SFO-avdelinga ved Ullavik skule frå hausten 2023.



## Oppvekst (skule, barn og familie)

### **Einingar innanfor området**

Felles skuleadministrasjon - plassert ved rådhuset

Aure skule – til hausten 2023

Sørestranda skule

Ullavik skule – til hausten 2023

Vik skule – til hausten 2023

Sykkylven ungdomsskule og opplæringscenter

Barne- og familietenestene

Ny sentrumsskule/Aure barneskule frå hausten 2023

### **Generelt om området:**

Det grunnleggjande prinsippet i skulen er einskapsskolen, tufta på trivsel, likeverd og læring. Viktige strategiar er m.a. å arbeide målretta for gode læringsmiljø med relasjonsbygging og god klasseleiing.

Oppvekstsektoren skal bidra til at barn og unge får ein trygg oppvekst med høve til å delta og utvikle seg ut i frå eigne føresetnader, jf. Barnekonvensjonen. Kommunen forvaltar store verdjar på vegne av fellesskapen, og det er sektoren sitt ansvar å produsere gode tenester for barn, unge og vaksne.

Skulefritidsordningane har som hovudmål å legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa barna sine behov. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn og vere ein læringsarena for gode opplevingar og erfaringar. Kommunen har SFO-tilbod ved alle dei kommunale barneskulane.

Sykkylven opplæringscenter er samlokalisert med Sykkylven ungdomsskule og er ein del av ei samla opplæringseining for ungdom og vaksne. Ansvarsområda til opplæringscenteret er knytt til:

- Norskopplæring med samfunnskunnskap for flyktningar og innvandrarar
- Grunnskuleopplæring for vaksne og ungdom frå 16-24 år
- Spesialundervisning for vaksne

Barne- og familietenestene omfatta fleire ulike område som; helsestasjon og skulehelseteneste, barnevernteneste, PPT og spesialpedagogar for barnehage, PMTO (foreldrerettleiing) og flyktningteneste.

I løpet av hausten 2023 vil Sykkylven kommune ta i bruk den nye sentrumsskulen - som har fått namnet Aure barneskule. Frå same dato som denne skulen blir tatt i bruk, vil drifta av Ullavik skule, Aure skule og Vik skule bli avslutta. Ein ny og stor barneskule vil vere ei stor

utfordring og eit enormt løft for skuleverket og kommunen, men samtidig ein høgst påkravd og lenge etterlengta prosjekt. Den nye administrasjonen ved Aure barneskule begynner arbeidet sitt allereie frå januar 2023, og skal organisere den nye skulen med elevar, klasser og tilsette. Det er på gang eit stort omstillingsarbeid for å sørge for å få til gode prosessar når det gjeld overflytting og eventuell overtallighet.

Budsjettmessig vil oppstart av Aure barneskule bli gjort slik at dei tre sentrumsskulane får nytte inntil 7/12 av «sine» midlar for 2023, og at 5/12 av avsette midlar på dei tre skulane, blir overført til eit nytt budsjettområde som blir oppretta for Aure barneskule. Så vil omstillingsprosjektet vise kor mykje av denne ramma som reint faktisk kan brukast i 2023.

Økonomisk ramme m endring frå 2022	2022	2023
	136 759 000	141 121 440

## Mogelegheiter og utfordringar

### Flyktningar

Auka busetting av flyktningar medfører naturlegvis auka inntekter for kommunen, men også auka behov for hjelpetenester som helsestasjon, barnevern og PPT. Og ikkje minst eit auka behov for bustadar og arbeidsplassar. Kommunen har tatt imot nesten 80 flyktningar så langt i 2022, og dette er langt fleire enn tidlegare år. I utgangspunktet har kommunen sagt seg villig til å ta imot 130 flyktningar, men så mange førespurnadar har det ikkje kome.

Budsjettet for mottak av flyktningar for 2023 er auka vesentleg, men den auken tar i hovudsak utgangspunkt i flyktningar som har kome i år, og som har kortare «introperiode» og dermed truleg vil ha behov for meir støtte neste år. Arbeidsmengda for fleire avdelingar knytt til flyktningar har vore svært merkbar dette året. Dette gjeld ikkje minst sjølve flyktningetenesta, men også opplæringscenteret fått auka sitt elevtal som følge av Ukraina-krigen, og det er oppretta grupper/klasser som skal ta seg av denne norskopplæring. Dette auka mottaket fører også til behov for auke i ressursar i grunnskule og barnehage, og dette er det viktig blir tatt omsyn til når omfang av mottak av nye flyktningar blir fatta.

### Oppvekstreforma

Tanken med oppvekstreforma er at omfanget av kostnadskrevjande barnevernstiltak skal bli redusert gjennom etablering og styrking av førebyggjande tiltak og tenester. Slike hjelpetiltak skal vere tilgjengeleg før det utviklar seg til barnevernssak. Implementering av reforma krev derfor økonomisk handlingsrom og rett kompetanse for å kunne etablere gode førebyggjande tenester.

Men barnevernet i Sykkylven har på same måten som i andre kommunar, likevel ein del omfattande omsorgssaker og kjøp av statlege barneverntiltak som utgjer ein stor del av budsjettet. Ei enkeltsak vil kunne få store økonomiske konsekvensar, og eventuell auke på interkommunale avtalar knytt til t.d. kriesenter, overgrepsmottak og barnevernsvakt gjer også situasjonen usikker.

Det vil også vere viktig å avklare plassering og organisering av barnekoordinator-ressursen i samband med det føreståande omstillingsprosjektet.

#### Psykisk helseteneste for barn og ungdom

Dei som arbeider innanfor denne tenesta har ei viktig rolle i å sikre ein god omsorgssituasjon gjennom tiltak for å styrke foreldra si meistring i foreldrerolla, førebygge, avdekke og avhjelpe rusproblematikk og vald i nære relasjonar og samarbeide tett med barnehage, skule, PPT og barnevern for å følgje opp uro for eit barn. I dette arbeidet er m.a. behovet for psykolog høgst aktuelt, og eininga opplever det klart uheldig at dei har mangla psykolog dei siste åra. Mangelen på kommunal psykolog for barn og unge kan også medføre at PPT misser avtalen med Fylkeskommunen om kjøp av tenester til vidaregåande skule. Det vil m.a. vere svært uheldig for fagmiljøet ved PPT.

#### Statlege føringar

Barn og familie består av fire hovudområde med ulikt lovverk og med relativt lav grunnbemanning, noko som gjer omstilling krevjande sett opp mot det som i dag blir vurdert som forsvarlege tenester. Statlege føringar og tilskot til styrking av tilbod som t.d. skulehelseteneste og psykisk helse medfører auka forventning og behov, og frustrasjon blant brukarar og samarbeidspartar når tilskota fell bort.

#### Ny sentrumsskule

Den nye sentrumsskulen som skal takast i bruk hausten 2023, vil vere ein flott tilvekst til det kommunale tenestetilbodet. Men det vil også by på utfordringar som det er viktig blir handtert og løyst på gode måtar. Det er både elevar, tilsette og foreldre som skal tryggast på at overgangen kjem til å gå godt, og det er viktig at dette arbeidet blir prioritert framover våren. Det skal byggast nye kulturar mellom dei som kjem frå tre ulike skular, både blant elevar og tilsette. Men utgangspunktet må vere at dette er er noko vi har gledd oss til, og som vi alle har eit ønske om å lykkast med. Då vil vi også handtere dei endringar som måtte kome.

#### Opplæringscenteret

Vaksenopplæringa i Sykkylven er organisert under Opplæringscenteret ved Sykkylven ungdomsskule med felles rektor som einingsleiar. Det er tilsett ein avdelingsleiar som har ansvar for den daglege drifta av opplæringscenteret. Denne stillinga er p.t. vakant og blir dekt opp frå administrasjonen ved eininga, men stillinga vil bli utlyst til våren. Kommunestyret har tidlegare bedt administrasjonen om å sjå på organiseringa/plasseringa av opplæringscenteret opp mot både skule- og flyktningetenesta. Dette arbeidet har kommunedirektøren ikkje kome skikkeleg i gang med, og slik situasjonen er no, vil det vere naturleg å drøfte den problemstillinga i samband med det omstillingsarbeidet som heile organisasjonen skal i gang med over nyttår.

## Kompetanseheving

Fagfornyninga vart innført i heile landet frå hausten 2020. Dette er den største omlegginga av skulen sidan 2006 og har medført ei endring av faga på alle trinn. Nytt innhald i faga og nye fag gjer at skulane har eit stort behov for utskifting av læremiddel – både digitale og analoge - og mange treng også kompetanseheving for å stette dei nye krava.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis i tillegg til den desentraliserte kompetanseutviklinga (Dekomp) vart gjennomført med fagleg støtte frå Sunnmøre Regionråd og i samarbeid med Høgskulen i Volda. I år gjennomfører alle skulane i Sykkylven (inkludert dei private) temaet «Fagleg inkludering». Neste skuleår er planen «Tilpassa opplæring», deretter Pfdk (profesjonsfagleg digital kompetanse). I tillegg går Kompetanse for Kvalitet (vidareutdanninga for lærarar) vidare. I år er det 10 lærarar som tek vidareutdanning i matematikk, spesialundervisning, norsk, engelsk og programmering.

## Hovudtiltak for å sikre økonomisk berekraftige tenester i 2023 og i økonomiplanperioden:

- Enda sterkare satsing på tidleg innsats og førebyggjande tiltak i alle einingar for å hindre store og inngripande tiltak og framtidige kostnadskrevjande tiltak
- Vurdere samanslåing av funksjonar/oppgåver på tvers av avdelingar og einingar
- I samband med omorganiseringsprosjektet må ein gjere ei nøye vurdering på oppbygginga og organiseringa av administrasjonen på alle avdelingar og einingar, for å utnytte ressursane best mogeleg og unngå unødvendig og ineffektivt arbeid.
- Fokus på bruk av rett kompetanse og intern kompetanseheving
- Forventningsavklaring – både internt og i høve til samarbeidspartar, men også i høve innbyggjarar/brukarar av tenester.
- Framover kjem Sykkylven til å ha to flotte og funksjonelle kommunale barneskular – Sørestranda skule og Aure barneskule. Å sikre god elevtilgang til begge desse skulane, slik at vi får god arealutnytting, optimal klasseinndeling og effektiv ressursutnytting, vil verte svært viktig.
- Invitere til godt samarbeid med tillitsvalde og stimulere tilsette til kreativitet, innovasjon og fleksibilitet i arbeidet med omorganisering av tenestene



## Tekniske tenester

### Einingane/ avdelingane i området:

Plan, byggesak, oppmåling/geodata, miljøvern, landbruk, brann- og redning, kommunale bygningar, kommunale vegar

**Generelt om området:** Tenestene som vert varetatt i denne eininga er knytt til felles forvaltning av bygg og anlegg, kommunale vegar, strategisk planlegging, område- og reguleringsplanar og byggesak. Reinhold og vaktmeistertenester ligg til området, samt brannvern og førebyggjande arbeide. Vidare forureining, viltstell og landbruksforvaltning. Tekniske tenester koordinerer også ei rekke av investeringsprosjekta som er vedteke av kommunestyret.

Økonomisk ramme m endring frå 2022	2022	2023
	61 008 751	59 179 200

### Utfordringar og mogelegheiter:

Kostnadsauken med bakgrunn i den internasjonale uroa og krig i Europa inneber stor kostnadsauke for området, då denne eininga har ein stor del av budsjettet sitt knytt til andre driftskostnadar enn lønn. For vegdrift, snøbrøyting, er indeksbasert prisauke for innleigd hjelp fastsett til 16,7 %. Basert på nivå 2022, vil dette åleine medføre ei meirutgift på ca. 0,5 mill. for år 2023

Sykkylven kommune ligg noko lågare enn andre kommunar på gebyrsatsar for t.d. bygge og dele saker. Desse vil bli foreslått auka til eit gjennomsnittleg nivå i rulleringa av gebyrregulativ for 2023.

Det er mogeleg å redusere omfanget av vintervedlikehald for å tilpasse oss den nye økonomiske situasjonen. Dei låge straumkostnadane vil og bidra positivt for dette området.

Omorganiseringa kan gje mogelegheiter for å hente ut synergjar gjennom å samordne fagmiljø, og sikre tydelegare rolleavklaring og arbeidsfordeling.

### Hovudtiltak for å sikre økonomiske berekraftige tenester i økonomiplanperioden:

- Omorganisering og nedbemanning i samband men ny organisasjonsstruktur i 2023
- Redusere vintervedlikehald
- Redusere nivå- meir behovsprøvd reinhold og vaktmeistertenester
- Utnytte inntektspotensialet ved å justere opp gebyrinntekter til eit gjennomsnittleg nivå med samanliknbare kommunar.

## Sentraladministrasjon/ fellestenester

### Einingane/ avdelingane/ funksjonane:

Fellestenestene

Økonomi

Lønn og personal

Kommuneleiing

Rådgjevarar

**Generelt om området:** Stillingane i dette området er knytt til stab- støtte tenester for den samla kommuneorganisasjonen, politisk organisasjon, og for publikums og innbyggartenester. Mellom anna gjeld dette: Økonomi og rekneskap, Personal og lønn, rådgjevarteneste, arkiv, kommunikasjon, IKT, publikumstenester/ servicetorg, beredskap/kriseleiing, omstillingsprogrammet, kommunelegen. I tillegg disponerer vi ein del utgifter knytt til fellesområder som lærlingar, porto, annonsering, telefoni/IKT, tillitsvalgte/verneteneste, HMS, beredskap, felles kontingenter, kjøp frå IKS osv.

Økonomisk ramme m endring frå 2022	2022	2023
	32 161 450	33 570 050

### Utfordringar og mogelegheiter:

Det har dei siste åra vore ei endring i kostnader knytt til drifting av fellessystem, lisensar og etablering av nødvendig infrastruktur for ny teknologi. Sjølv med omdisponering av måten vi har brukt pengane på så ser ein at kostnadane aukar betydeleg pga prisvekst og endra arbeidsmetoder i organisasjonen. Denne satsinga skal, og har gitt gevinstar både for kvalitet og for meir effektiv drift på alle tenesteområde. Innanfor dette budsjettområdet vil det likevel medføre ei auke i utgifter isolert sett.

Auke i sårbarheit på drift og trusselbilde generelt innan IKT sikkerheit gir også auke i kostnader.

Det er stort fokus på bruk av digitale tenester. «Koronatida» endra, også oss, positivt på slikt vis. Digitalisering og automatisering av oppgåver har gitt oss gevinst som har endra oss, men vi har enno ein veg å gå.

Ei mogelegheit vi har er at fleire overordna føringar internt i vår kommune, kan vere med å gjere arbeidsplassen vår meir effektiv. Dette jobbar vi for å få til.

Informasjonsbehovet både internt og eksternt er stort. Eit større fokus på området vil kunne gi oss gevinst i høve behovet for avklaringar på ulike spørsmål og henvendingar.

Ei utfordring er auka krav og forventning i høve dokumentasjon, styring og kontroll frå eksterne aktørar i det offentlege bilde, utan at det følg ekstra midlar med til dette.

Ei anna utfordring er å nå både den digitale og ikkje digitale brukaren av tenestene våre.

Krav til kriseleiing og beredskap har auka fokus i samfunnet generelt og det er forventa eit stort fokus på området. Det går meir tid, og er utfordrande nok, å handtere dette slik ressursituasjonen er i dag

Til slutt bør nemnast at i prosessen med å kome ned på eit lågare driftsnivå, blir det å kunne levere fort nok, godt nok og innafor dei krava ein har jf fristar, lovverk, høyringar osv, ei stor utfordring både for den enkelte arbeidstakar og dei som mottar våre tenester.

Omorganiseringa kan gje moglegheiter for å hente ut synergjar gjennom å samordne fagmiljø, og sikre tydelegare rolleavklaring og arbeidsfordeling. Det er svært positivt.

#### **Hovudtiltak for å sikre økonomiske berekraftige tenester i økonomiplanperioden:**

- Omorganisering og nedbemanning i samband men ny organisasjonsstruktur i 2023.
- Kutt i lisensar, avtalar og abonnement.

## Investeringar i økonomiplanerioden

<b>INVESTERINGAR</b>	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026	Sum	År 2022
Betalte avdrag (RAMME)	-20 113 000	-20 113 000	-20 113 000	-20 113 000	-80 452 000	-20 113 000
<b>Summen av investeringar</b>	<b>121 942 000</b>	<b>43 420 000</b>	<b>19 840 000</b>	<b>33 840 000</b>	<b>219 042 000</b>	<b>213 718 000</b>
<b>Investeringar utover "Ramme"</b>	<b>101 829 000</b>	<b>23 307 000</b>	<b>-273 000</b>	<b>13 727 000</b>	<b>138 590 000</b>	<b>193 605 000</b>
<b>Sumnivå investeringar</b>	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>	<b>Sum</b>	<b>År 2022</b>
Bygninger og anlegg	99 722 000	25 500 000	4 000 000	0	129 222 000	182 888 000
Utstyr og maskiner	3 320 000	2 620 000	540 000	20 540 000	27 020 000	9 280 000
Vegar	5 600 000	2 000 000	2 000 000	0	9 600 000	8 250 000
Anna	13 300 000	13 300 000	13 300 000	13 300 000	53 200 000	13 300 000
Sum finansiering	121 942 000	43 420 000	19 840 000	33 840 000	219 042 000	213 718 000
<b>Bygninger og anlegg</b>	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>	<b>Sum</b>	<b>År 2022</b>
Nytt bibliotek (inkl. nytt system)					0	8 100 000
Enøk-tiltak BUAS					0	7 000 000
Kjøkken BUAS (samla investering)					0	1 800 000
Planlegging nytt legekontor					0	500 000
Prosjektering bustader heildøgnsomsorg	500 000				500 000	500 000
Tiltak - Kaiområde					0	500 000
Garderobe sone 1 BUAS					0	200 000
Helmetenesta - kontor og kjøkken					0	100 000
Ny sentrumsule					0	164 188 000
Enøk-tiltak Kulturhus	5 000 000				5 000 000	
Uteområdet (Bankbygget)	3 000 000				3 000 000	
Overvassanlegg/Flaum	500 000				500 000	
Kunstgrasbana - undervarmeanlegg	250 000	500 000			750 000	
Bu- og rehabiliteringstenestene - inventar	100 000				100 000	
Ny sentrumsule	91 922 000				91 922 000	
Oppstart Sykkylven omsorgssenter og Berlitunet	2 000 000				2 000 000	
Vindu 2. etasje - skaparlink/bibliotek - brannkrav	1 200 000				1 200 000	
Buas - skjerma skyllerom , ombygg mv	500 000				500 000	
Nytt legekontor		20 000 000			20 000 000	
Arbeidsrom lærerar Ungdomsskule		4 000 000			4 000 000	
Ombygg fellesareal sone 1 og 2 BUAS		1 000 000			1 000 000	
Sykkylven Storhall - utvendig maling		520 000			520 000	
Toalettavd. kjeller kulturhuset (oppgradering)		350 000			350 000	
utgår fra tidligere økonomiplan	-5 250 000	-870 000			-6 120 000	
Kaldgarasje - teknisk			4 000 000		4 000 000	
Sum bygninger og anlegg	99 722 000	25 500 000	4 000 000	0	129 222 000	182 888 000
<b>Utstyr og maskiner</b>	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>	<b>Sum</b>	<b>År 2022</b>
Nytt alarmsystem BUAS					0	6 000 000
Tankbil Brann - siste del					0	2 100 000
Flytte websak - sky	470 000				470 000	
IKT-utstyr - løpande investering	540 000	540 000	540 000	540 000	2 160 000	530 000
Arkiv - digitalisering byggsak	1 150 000	1 150 000			2 300 000	350 000
IKT-utstyr skule (samla)					0	300 000
Fagsystem utvikling (IKT)	550 000				550 000	
Redningsutstyr brann	200 000				200 000	
Rydding eldre arkiv		350 000			350 000	
Ny kartlegging - teknisk digitale kart	210 000	340 000			550 000	
Ny barnevernsløsning		240 000			240 000	
Legekontoret vask/desinfeksjon	200 000				200 000	
Helseplattformen				20 000 000	20 000 000	
<b>Sum utstyr og maskiner</b>	<b>3 320 000</b>	<b>2 620 000</b>	<b>540 000</b>	<b>20 540 000</b>	<b>27 020 000</b>	<b>9 280 000</b>
<b>Vegar</b>	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>	<b>Sum</b>	<b>År 2022</b>
Meieridalen veg (tilleggsøyving)					0	7 000 000
Busslomme Kyrkjeparken					0	1 000 000
Trafikktryggingstiltak					0	250 000
Gang/sykelsti - Tynes - Blindheim(rest Tynes-Aure)	2 000 000				2 000 000	
Fortau opp G-lia - toppdekke renoverast	600 000				600 000	
Oppgradering vegar - tillegg på 2023	1 500 000	2 000 000	2 000 000		5 500 000	
Renovering av toppdekke/asfalt	1 500 000				1 500 000	
Sum vegar	5 600 000	2 000 000	2 000 000	0	9 600 000	8 250 000
<b>Anna</b>	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>	<b>Sum</b>	<b>År 2022</b>
Eigenkapitalinnskot KLP	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 000 000	1 000 000
Investeringstilskot kyrkjeleg fellesråd	300 000	300 000	300 000	300 000	1 200 000	300 000
Til disposisjon for formannskapet	0	0	0	0	0	0
Opptak av Startlån	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000	48 000 000	12 000 000
Sum Anna	13 300 000	13 300 000	13 300 000	13 300 000	53 200 000	13 300 000
<b>Investering</b>	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>	<b>Sum</b>	<b>År 2022</b>
Investering	121 942 000	43 420 000	19 840 000	33 840 000	219 042 000	213 718 000
<b>Finansiering</b>						
MVA-kompensasjon	- 21 728 400	- 6 024 000	- 1 308 000	- 4 108 000	- 33 168 400	- 40 083 600
Tilskotsmidlar	- 2 000 000				- 2 000 000	- 3 500 000
Bruk av fondsmidlar	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000	- 4 000 000	- 1 000 000
Bruk av lån til investeringsføremål	- 85 213 600	- 24 396 000	- 5 532 000	- 16 732 000	- 131 873 600	- 159 134 400
Bruk av lån til vidareutlån	- 12 000 000	- 12 000 000	- 12 000 000	- 12 000 000	- 48 000 000	- 10 000 000
Sum finansiering	- 121 942 000	- 43 420 000	- 19 840 000	- 33 840 000	- 219 042 000	- 213 718 000
<b>Lånemidlar</b>	<b>År 2023</b>	<b>År 2024</b>	<b>År 2025</b>	<b>År 2026</b>	<b>Sum</b>	<b>År 2022</b>
Budsjettert bruk av lånemidlar til investeringar	- 85 213 600	- 24 396 000	- 5 532 000	- 16 732 000	- 131 873 600	- 159 134 400
Lånemidlar opptekte i år 2022 eller tidlegare						
Nytt låneopptak	- 85 213 600	- 24 396 000	- 5 532 000	- 16 732 000	- 131 873 600	- 159 134 400



Korleis lese investeringsplanen:

1. Tall i perioden 2023 – 2025 i kursiv skrift er vedteke i gjeldande økonomiplan.
2. Tall i raud skrift er vedteke i gjeldande økonomiplan, men kommunedirektøren gjev framlegg om å stryke/flytte desse.
3. Tall i utheva skrift er nye tiltak i åra i framlegget for økonomiplan 2023 – 2026.

Siste kolonne er investeringsbudsjettet i 2022 – inneverande år.

Investeringsdelen i økonomiplanen inneheld åra 2023 – 2026.

2023:

- Her gjer ein framlegg om å ta ut 5 million i ENØK-tiltak på Kulturhuset pga nærare avklaringar av effekt og nytteverdi sett i høve til at avtalane rundt straumprisane for Sunnmørskommunane er svært rimeleg i forvaltningsavtalen dei neste 1-3 åra.
- Sykkylven kommune har motteke 349 000 i tilskot for utgreiing av alternative energi kilder til undervarmeanlegget. Den utgreiinga har starta no og vil gå godt inn i 2023. Tiltaket er auka og flytta til 2024.
- Det er lagt inn 500 000 til vidare prosjektering av nye heildøgnsbustader, samt at det er starta prosjektering knytt til Sykkylven omsorgssenter (BUAS) samman med Husbanken.
- Det er vidare lagt inn 1,2 million til bytte av vindu 2.etasje i Sparebankbygget pga brannforskrifter, samt kr 500 000 til ombygging/tilpassingar BUAS.
- Det er vidare lagt inn samla ca 2,5 million til ulike digitaliseringsprosjekt i 2023, samt 200 000 til utstyr på legekantoret.
- Det er vidare lagt inn 4,1 million til ulike vegprosjekt/oppgraderingar. Deler av desse tiltaka vert finansiert med bruk av tidlegare udisponerte løyvingar.

2024:

- Utvendig maling av Storhallen og oppgradering toalett på Kulturhuset er flytta ut i tid. Evt kan dette gjerast gjennom ei felles rammetildeling for oppgradering av kommunale bygg som teknisk avdeling får ansvar for å disponere. Samla uttrekk utgjer 870 000.
- Det er gjort framlegg om 500 000 til undervarme kunstgrasbana, samt ca 2 million til ytterlegare digitalisering i tenestene.
- Oppgradering av vegar er gjort framlegg om 2 million også i 2024.
- Opptak av Startlån ligg inne i heile økonomiplanperioden med 12 million pr år.

2025:

- Her er det gjort framlegg om også dette året avsett til investering i digitalisering på 540 000

- Det er vidare gjort framlegg om 2 million til oppgradering av vegar.

2026:

- Også i 2026 er det gjort framlegg om midlar til digitalisering på kr 540 000
- Helseplattformen er lagt inn i 2026 med 20 million. Det kan godt tenkast at denne må framfinansierast til 2025, men det får avklarast seinare.

I økonomiplanperioden vil det også verte behov for finansiering av nye heildøgsbustader i samarbeid med Husbanken, men med tilskotsordningar, eigenbetalingar, effektiviseringstiltak mv vil ein søke å gjere dette mest mogleg sjølvfinansierande.

#### Saksgang:

Sak om budsjett 2023 og økonomiplan 2023- 2026 vert lagt fram til formannskapet 24. november 2022. **Formannskapet innstiller i saka, og legg den ut til offentleg ettersyn i 14 dagar.** Kommunestyret får saka til handsaming 12. desember.

Kommunedirektøren sender ut si innstilling til formannskapet, 8. november. Kommunestyret får denne presenter i møte 7. november.

#### Kommunedirektøren si innstilling:

##### **Sykkylven kommunestyre vedtek:**

1. **Skatteøret** vert sett til den maksimale satsen stortinget vedtek
2. **Eigedomsskatt**
  - a. Eigedomsskatt skal skrivast ut i medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3
  - b. Eigedomsskatt skal gjelde faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.
  - c. Satsen for eigedomsskatt for 2023 vert sett til 4,0 Promille
3. **Opptak av lån** for finansiering av investeringar Kommunestyret godkjenner låneopptak inntil kroner 85 213 600,- for å dekke investeringar i 2023 i punkt 6 i innstillinga. Låneopptak vert gjennomført i samsvar med Sykkylven kommune sine reglement.
4. **Opptak av lån** for vidare utlån  
Kommunestyret godkjenner opptak av startlån for vidare utlån fra Husbanken på 12 million kroner. Låneopptak vert gjennomført i samsvar med Sykkylven kommune sine reglement.

**5. Disponering av driftsrammer**

Dei totale driftsrammene som kjem fram i skjema 1A og 1B. ( Vedlegg 1 og 2)Rammene vert disponert av kommunedirektøren og i samsvar med delegeringsfullmakter.

**6. Disponering av investeringsrammer** Dei totale investeringsrammene som kommer frem av skjema 2A og 2B vedtas.( vedlegg 3) Rammene disponeres av kommunedirektøren og i samsvar med gjeldende delegeringsfullmakter.

**7. Finansielle måltal:**

Sykkylven kommunestyre vedtek følgjande finansielle måltal:

- 1.Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
- 2.Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
- 3.Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035.

Måltala er ikkje absolutte for det einskilde rekneskapsår, men mål ein skal arbeide mot å nå.

## Vedlegg:

1. Bevillingsoversikt drift §5-4 (skjema 1A)
2. Økonomisk oversikt drift §5-6 ( Skjema 1B)
3. Bevillingsoversikt investering jf. §5-5 første ledd (Skjema 2 A og 2B)